



Lars Øyvind Hillestad
Alvervegen 37 B
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1845 - 17/21041

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammar
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:
12.07.2017

Svar på søknad om jordpåfylling på fulldyrka jord - Gbnr 137/19 Alver

Syner til søknad motteke 09.06.2017

Dokument i saka :

- Søknad om jordpåfylling, dagsett 8.juni 2017
- Kart

Saka gjeld :

Lars Øyvind Hillestad, eigar av gbnr 137/19 Alver, søker om å fyllje på tilkøyrde jordmassar på eksisterande fulldyrka jord. Arealet er 10 dekar og ein påfyllingshøgde på gjennomsnittleg 3 meter. Området er avmerka i vedlagt kart. På grunn av fungerande grunnlendt grøftesystem ynskjer ikkje søker ta av matjordlaget før tilkøyrde massar vert lagt ut.

Gamle bileter av området syner eit heilt anna terreng i eldre tider enn i dag. Det var gjerne 2 meter høgare enkelte stader og på grunn av ujamnt jordsvinn har terrenget vorte meir ulendt.

Søkar planlegg å heve internvegane i vest og aust med 2-3 meter og så fyllje opp arealet mellom desse vegane med stein og jord. Det vert laga fall på arealet frå vest mot aust og det vert eit fulldyrka tilsådd topplag for jordbruksproduksjon når anleggsarbeidet er avslutta.

Planområde:

Kommunedelplan Knarvik – Alversund 2007 – 2019 er gjeldande plan i området og garden gbnr 137/19 har planstatus «LNF, der landbruk er dominerande». I føresegnene til planen punkt 2.9 Landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF-område) står det mellom anna at «Til stadbudden næring vert ikkje rekna :.....Det same gjeld vesentlege inngrep i terreng, veganlegg og parkeringsplassar som skal handsamast etter plan- og bygningslova».

Nabovarsling :



Det er ikkje naudsynt med nabovarsling då tiltaket berre grensar til eigen eigedom og det er 135 meter i luftlinje frå tiltaket til næraste nabobustad.

Landbrukseigedomen gbnr 137/19 Alver :

Ifølgje Nibio sitt gardskart er eigedomen på totalt 186,3 dekar fordelt på to store teigar. Det er 41 dekar full- og overflatedyrka jord, 28,5 dekar innmarksbeite, 80 dekar skog med særskilt høg og høg bonitet, 12 dekar uproduktiv skog og resten anna utmark og tun/bygg. Det er bygd nytt våningshus. I tillegg står det gamle tunet på garden med våningshus og uthus nord på «Steingarden».

Det er hjorteoppdrett på garden, Alver Hjort. Ved årsskifte 2016/17 var det 60 hjortedyr på garden. Dyra vert slakta på garden og kjøtet vert vidareforedla der for sal.

Det har vore stor aktivitet knytta til mottak av jord på garden over fleire år. Tiltaka har resultert i ei stor utviding av det fulldyrka arealet. Så difor er nok ikkje Nibio sitt gardskart oppdatert. Jordbruksarealet på garden vert nytta som hjortebeite.

Vurdering :

Krav om dispensasjon frå kommunedelplanen ?

Det første som må drøftast er om tiltaket er å rekna som eit vesentleg terrenginngrep. Å heve terrenget gjennomsnittleg 3 meter kan på ei side gjerne reknast for å vera vesentleg terrenginngrep. På ei anna side kan ein sjå på tiltaket som vedlikehald av jordmengden. Jord består av ein varierende andel organisk materiale som forbrenn når det kjem til luft. Det er ein naturleg prosess og etter mange år med jordbruksdrift er jorda oppbrukt og arealet går ut av drift eller ein må tilføre ny jord for å kunne halde fram drifta. Det er det som vert gjort i dette tilfellet.

Å heva terrenget og på ny bruke arealet til grasproduksjon vil ikkje verte eit nytt framand element i landskapet. Tiltaket vil auke kvaliteten og på landskapet og tiltaket er eit landbruksfagleg godt tiltak som sikrer ei rasjonell framtidig landbruksdrift på arealet. På bakgrunn av dette finn ein at tiltaket ikkje treng handsamast som ei dispensasjonssak.

Det er Forskrift om bakkeplanering som skal gjelda for tiltaket eller det som no vert kalla Forskrift om begrenning av forurensing kapittel 4 Anlegg, drift og vedlikehold av planeringsfelt.

Det vert ikkje stilt krav om ytterlegare innsending av plan til kommunen då der er sjølvforklarande når ein ser det 10 dekar store arealet. Sakshandsamar har vore på synfaring og diskutert saka med søkjar.

Vilkår for løyvet :

Kulturminne: Det er ikkje kjende kulturminne på staden. Ikkje anna areal enn tidlegare dyrka mark vert råka av tiltaket. Dersom det likevel skulle dukke opp kulturminne i samband med gjennomføring av tiltaket, må arbeidet verte stoppa og staden nærare undersøkt før arbeidet kan halde fram. Dette gjeld og om det er dei tilknytte massane som inneheld funn av einskildgjenstandar som kjem frå staden der massane vert gadd av.

Naturmangfald: Det er ikkje kjende artar eller arealtpar som krev særskilt omsyn på staden der tiltaket skal gjennomførast. Tiltakshavar har likevel ansvar for at arbeidet vert stogga dersom det dukkar opp særlege tilhøve knytt til naturmangfaldet, som krev handling.

Ureining : Frå det omsøkte arealet er det utløp til ein bekk mot aust som renn over nabo og gjennom vassdraget «Rausundet bekkefelt aust». Det inkluderer Tveitavatnet og elva vidare med utløp i Kvamsvågen. Vassdraget har miljøtilstand God på siste registrerte måling. Både i anleggsfasen og etter at anlegget er ferdig vil avrenninga frå arealet vere på same stad som no.

Det er tiltakshavar sitt ansvar å sikra at jord og lausmassar ikkje renn frå feltet og eventuelt sett i verk naudsynte tiltak for å unngå dette. Søkjar skal byggje ein voll av stein for å hindre store jordmassar i å ta ut nedover dalføret mot aust. Det vil truleg vere fornuftig med etablering av fangdam(-ar) etter steinvollen for å kunne samle opp finstoff som fell til botn i dammer. Desse må rensast med jamne mellomrom.

Tilkøyrdde massar skal sjølvstøtt vere reine massar. Det må etablerast / oppretthaldast eit internkontrollsystem som dokumenterer tilkøyrdde massar.

Tryggleik og transport : Søkjar må syte for trygg transport . Det er søkjar som har ansvaret for at interne vegar er sikra og merkte dersom dette er naudsynt for sikkerheita. Anleggsområdet må vera sikra slik at ikkje ungar og andre uvedkomande kan koma inn på området.

Ansvar for gjennomføring av tiltaket : Søkjar står sjølv ansvarleg for gjennomføringa av tiltaket. Det er viktig å merka seg at søkjar sjølv står ansvarleg overfor offentleg mynde knytta til eventuelle funn av ureine massar på eigedomen.

Ferdigstilling: Tiltaket må avsluttast innan 5 år og då ha eit fungerande dreneringssystem, vera fulldyrka jord og isådd for grasproduksjon. Når arbeidet er slutført skal kommunen varslast for sluttgodkjenning.

Kontroll: Kommunen kan utføre tilsyn for å sjå til at vilkåra vert fulgt. Dette gjeld særleg massekvaliteten og tiltaka for å hindra ureining. Dersom er mistanke om at det er tilført forureina massar kan kommunen stille krav om naudsynt prøvetaking av jord- og vatn på eigars rekning.

VEDTAK :

Lindås kommune gjev søkjar Lars Øyvind Hillestad løyve til det omsøkte tiltaket på det 10 mål store arealet på gbnr 137/19 Alver. Tiltaket må ferdigstillast innan 1.august 2022. Vilkår for løyvet framgår av saksutgreiinga. Vedtaket har heimel i Forureiningslova.

Med helsing

Kjartan Nyhammar
landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lars Øyvind Hillestad

Alvervegen 37 B 5911

ALVERSUND